

Fra: Torkjell Holm Brenna
Sendt: mandag 5. juni 2023 10:01
Til: Postmottak Alver
Kopi: randioksnest1@gmail.com
Emne: Miljø og tilsyn - Presisering av brev til sak 22/6638.

Til miljø og tilsyn - viser til sak 22/6638.

20. april 2022 ble det sendt et brev til miljø og tilsyn, med tittelen «Problem med ulovleg parkering i Lyngmarka». Den 05.06.2023 har eg vore i kommunikasjon med eigar av gnr/bnr: 137/422. Eg vil presisere brevet, da eg ser at det kan vere noko utydeleg formulert. Det kan tolkast ut frå brevet at det er eigar av 137/422 som er den som parkerer ulovleg i gangvegen. Det har ikkje vegavdelinga noko bevis for. Parkeringa i gangvegen er eit problem som alle i nabolaget kan ha vore ansvarlege for, og er dermed ikkje relevant for innmeldinga som ble gjort.

Det som burde vore meldt inn er at vegavdelinga på synfaring oppdaga mogleg ulovleg tiltak på eigedom 137/422. Det var på tidspunktet ved synfaringa dårleg plass til å parkere utanfor bustaden på denne eigendommen. Det kunne tyde på at det var for dårleg plass til å parkere på grunn av at bustaden for tida vert bygd på. Vi fann ikkje noko byggeløyve på det tidspunktet, og meinte difor at det burde meldast inn til miljø og tilsyn. Tipset som gjorde at vi reiste på synfaringa kom frå anonym innmeldar som budd i nabolaget. Vi meldte også i same brev om at det mogeleg føregjekk utleige utan løyve i bustaden på gbnr 137/422. Informasjonen om mogleg utleige ble gjeve av nabo vi kom i snakk med på synfaringa. Det vegavdelinga sjekka var om vi kunne finne noko løyve for utleige på bustaden.

For klarheit for innmeldinga si skyld burde tittelen på brevet vore «Mogleg ulovleg tiltak på eigedom 137/422», og parkeringa i gangvegen burde ikkje vore nemnt. Håpar dette gjer saka tydlegare.

Vennleg helsing,

Torkjell H. Brenna | Avdelingsleiar, Veg, samferdsel og VA forvaltning

Telefon: 99302567

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE